

# VESTLANDSNYTT

Artikkelserie i lokalavisa august 2010

Av Harald Jarl Runde

## fiendtlige kryssere

DEL 1

Kongeriket Danmark-Norge hamna i 1807 inn i oppgjeret mellom stormaktene i Europa. Kongen i København heldt seg til tidas mektigaste mann, keisar Napoleon av Frankrike. Han kunne ikkje annleis gjere, etter at England hadde rana størstedelen av orlogsfloten som låg oppankra og nedtakla i København. Såleis vart den tradisjonelle og viktige handelspartnaren for Norge, England, "fienden»

Men Napoleon blei ikkje herre på havet. Det vart England, som blokkerte fraktefart og handel mellom Tvillingrika. Og etter kvart som det hardna til, vart blokaden utvida til heile kysten like til Finnmark og den siste opne vegen ut, Kvitsjøen og farten på Arkhangelsk.

### Kystvern og telegrafar

I Norge vart det på kort tid bygt opp ein marinestyrke av mindre kanonbåtar, brukte til vakt- og konvoiteneste for den viktige kystfarten med jekter og andre farty. Stort sett all varetransport gjekk sjøvegen og trafikken langs kysten var stor. Såleis var det i alt 1 45 handelsfarty som passerte Stadt dei to månadane mai og juni 1809.

Men, som det skulle vise seg, kanonbåtane var lite sjødyktige når dei måtte utaskjers og fekk bårer og bylgjer innover seg. For å sikre leia rundt Staden, vart det plassert ut slike båtar i Kinn og Silda sønnafor og i Ålesund nordafor. Vanlegvis var det byte av eskortefarty i Haugsholmen, Sandshamna eller Flåvær.

Alle heimeverande mannskap i kystlegdene som ikkje alt var utkommanderte i krigen - dvs på øyane og inntil ei mil frå kysten - vart etter modell frå Danmark organiserte i eit Kystværn. Oppgåvene var vaktteneste og hindre landgang og raid av fienden. Trass i dårleg væpning og lite militær røynsle, makta Kystværnet stort sett oppgåvene sine. Innkalling av mannskapa i Kystværnet, til møteplassane, var eit intrikat system frå godt synbare "Hovedpuncter" og "Intermediære Puncter" med eldbrisingar, brennande tjeretyenner, alarm- og signalstenger.

### Runde var telegrafcenter

Det verkar som at Runde, som låg lengst ute mot havet og ved det viktige «Gattet» Breisundet, var krumtappen i heile alarmsystemet for Søre Sunnmøre. Her var det ulike bålplassar. Med ein,



*Rekonstruert telegraf ved Sønstabøvågen, Bømlo. Telegrafane var til bruk for kystforsvaret i vidaste forstand: Generalane i Trondhiem, Bergen og Christiania, sjefen for Sjøforsvaret i Christiansand, roflotilen, kystfestningan og Kysfiærn et. Klaffone kunne henge opp, ned eller vere midtstilte.*

• *Med forskjellige kombinasjonar tok ein bruk omlag 160 signal. Signala skulle henge oppe til neste stasjon i kjeda hadde repetert dei. Men det hende ofte signala vart hindra eller misforstått undervegs.*

*Her er ein i ferd med å heise signal No.9: "De skibe, som sees, ere små krigsskibe og bestaa af brigger og mindre fartøier".*

to eller tre brisingar i ulike kombinasjon kunne ein melde frå om kva kant angrepet var ventande.

Vidare innkalling var med bodstikke, rop frå gard til gard, alarmtrommer, lurar eller alt som kunne gje sterk lyd frå seg. Samstundes vart ikkje dei gamle og halvglyymde veteplassane nedlagde.

Vanskeleg for oss i vår tid er å skjønne korleis dette kunne fungere, med mange mann på vakt og patrulje til ei kvar tid, langs heile kysten av Sør-Norge. Som eit apropos: Vetesystemet er aldri formelt lagt ned, lovverket om vetevakt gjeld den dag idag!

## **Prest som militær**

Etter krangel og kompetansestrid mellom autoritetane, vart omsider den myndige presten i Ulstein, Peter Thams Buschmann, sjef for "Søndre Søndmørs Kystværn Division" som det vart kalla. Ansvarsområdet var Breisundet til og med Stadtlandet. Buschmann påverka styresmaktene slik at også landlegdene på Sunnmøre vart med i Kysværnet. Sunnmøringane vart ellers mellom dei best væpna kystvernavingane i landet. Godøylosane tilbød seg å fare med ein ottring til Trondhjem for å hente våpen på arsenalet. Heimatt hadde dei med 200 flintbørser med bajonettar, 2000 skarpe patroner og 400 flintesteinar!

Buschmann var framsynt og visjonær. Han drog opp fleire scenario om kva som kunne skje om fienden gjorde alvor av å slå til på «vore kyster». I beste fall vart han misforstått, eller aller helst ikkje forstått i det heile. Men då sommaren 1810 kom, fekk Buschmann så altfor rett.

## **Folk ville ikkje krige**

Folk flest ville ikkje krig og mislikte sterkt "anstaltmakeriet" til Ulsteinpresten. Fleire stader kom det til tumultar og opplau. Og i Herøy ville ingen krige før torskefisket var over!

Sjølv småsaker enda med mulkt eller i Krigsretten. Mellom anna fekk ein mann på Remøya 24 timars lensmannsarrest, fordi han nekta å levere geværet sitt til reparasjon.

Under ein ekis på Hareid, i mai 1809, var to mann mulkterte av sekjonføraren, Joachim Cappelen. Den eine fordi han gjorde grimasar i geleddet, den andre fordi han kom for seint. Her var det Cappelen som fekk seg ein skikkeleg oppstrekk av retten. Han hadde prøvd å dysse ned saka med å motta 5 Rdl. og 2 våger havre.

Ei anna sak for Krigsretten, var den fleire dagars eksisen på Kvamsøya som var tillyst for heile divisjonen, i juni same året. Då eksisen utan føre-

*Hans Kongelige Majestæt har allernaadigst tilkiendegivet Cancelliet*

*At det skal være forbudet alle dem, som boe ved Strandkanten, at have Lys tændt om Aftenen eller om Natten i de Værelser, som ere saaledes beliggende til Søsiden, at Lysningen derfra kunde sees paa de fiendtlige Skibe med mindre vinduerne i deslige Gaarde og Huse ere forsynede med Vinduesskodder, eller bedækkes saa tæt, at Skin af Lys ei udenfor kan bemærkes. Hvo herimod forseer sig, straffes første Gang med Mulct fra 10 Rdlr. til 50 Rdlr., i anden gang fra 50 til 100 Rdlr.; og tredje Gang med Arbeide i Forbedringshuus, fra 2 til 6 Maaneder. Og skulle alle vedkommende civile Øvrigheder nøie holde over denne Befaligs Opfyldelse. Hvilken allerhøieste Befaling herved kundgiøres til alle vedkommendes Efterretning og allerunderdanigste Efterlevelse.*

*Det Kongelige Danske Cancellie den 21. May 1808.*

*\* Påbod om blending, 1808. Då krigen braut ut hausten 1807, sette myndigheitene i gong fleire ponikkarta tiltak som blending, forbod om å ha husdyr på beite på øyar og nes, og at ein til ei kvar tid skulle ha tilsyn med båtar og alt som hadde med fiskeri og og sjøliv å gjere.*

handsvarsel vart flytta frå Hauge til Ristesund, kom det til høglydt krangel og munnhoggeri mellom befal og brukarane på Ristesund. Alt medan det meinige mannskapet «så til og lo og gav sine bemærkninger til beste over sine foresattes uheldige fremgangsmåde» Saka var at befalet hadde gløymt å gjere avtale om bruk av ekserplass i Ristesund.

Mannskapa følte seg narra og syntest det heile var vekkasta tid før dei endeleg kom i gang og det vart ro i ledda.

Domen i Krigsretten enda opp med små bøter for dei tiltalte av mannskapa, då det vart hevda at feilen låg i den klønede framgangsmåten til befalet.


Langs kysten frå grensa mot Sverige og opp mot Trondhjemsfjorden vart det oppretta signallinjer, fyrst med flaggsignal, og frå 1809 med dei såkalla telegrafane.

Såleis frå Silda (seinare forlenga til Måløy) og til Valderhaug, frå Valderhaug til Kristiansund og Kristiansund/ Trondhjem.

Hovudstasjonane skulle observere og lage meldingar, medan repeterstasjonane skulle repetere meldingane og sende dei vidare til neste stasjon. Meldingane vart koda med hemmelege talteikn, gjenngjeve i signalbok.

På hovud-stasjonen var dei såleis avhenging av telegrafistar som var kunnige ppå skip og seglføring og var lese og skriveføre. I telegrafinstruksen er det skrive slik: «Det er altså de ved hovedstationernes ansatte mend, som det pålegges, med yderste flid at holde udkik til søen og langs kysten og uopholdelig ved signalerne tilkiendegive hvad de see»

Frå Silda gjekk lina med stasjonar på Vågsøy og Stad, Kvamsøya, Sandsøya, Skorpa, fjellet ved Kvalsvika, Runde fyr, Grasøya, Flø og vidare nordover.



*\* Moltusteinen, til venstre i biletet, og Hidsegga, øverst til høgre, var «Intermediære Punct» for innkalling av mannskapa i Kystværnet. Hidsegga var frå gammalt veteplass.*